



Endring av takst- og rabattsystem for Haugalandspakken

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprojekt. Lokalpolitiske styresmakter har gitt sin tilslutning til innføring av nytt takst- og rabattsystem for Haugalandspakken. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjera bompengerekkjeringa enklare.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem medfører følgende endringar frå 01.04.18:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20 pst. rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Haugalandspakken AS vert automatisk gjort om til etterskotsavtaler med 20% rabatt. Lokale forskotsavtaler med 30%-50% rabatt vert ikkje lengre tilbydd.
- Noverande tilleggsavtalar hos Haugalandspakken AS for å oppnå lokal rabatt på 30%-50% rabatt vert avvikla.

AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra, og passeringar frå 1. april verte trekt frå hovudavtala.

Sluttavrekning og eventuelt innestående beløp på tilleggsavtalar vert tilbakeført seinast tre månadar etter endring.

Tilskot til reduserte bompengar

Haugalandspakken har fått tilskot frå tilskotsordninga for reduserte bompengetakstar utanfor dei største byområda. I tråd med føresetnadene for tilskotsordninga er takstane som no vert kunnngjort reduserte med 10 pst. i høve til det dei elles ville vore.

Nye takstar som gjeld frå 01.04.2018:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Alle bomstasjonar	Kr 11	Kr 18

Tabell 1: Reduserte bompengetakstar for Haugalandspakken etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem..

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretninglinjer.

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølge
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
- Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet*
- Hydrogenbilar med HY-registreringsskilt*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Forflyttingshemma med gyldig parkeringsløyve frå kommunen*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Timeregel og passeringstak på 75 passeringar held fram som i dag.

For meir informasjon: www.ferde.no.

Takstendringa kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunnngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.